Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/127294-8 | | 12.07.2018 |

# Oppfølging av tiltak - Fv. 401 - Gnr. 176 bnr. 1 - Lindås

Statens vegvesen var på synfaring 04.07.2018 i samband med søknad om tiltak på gnr. 176 bnr. 1 i Lindås kommune.

Under synfaring la vi merke til at det var utført fleire nye tiltak langs og / eller i tilknyting til fylkesveg 401. Vi kan ikkje sjå å ha mottatt søknad om dette eller fått sak tilsendt til uttale. Vi spør difor kommunen om tiltaka er søkt om og godkjent etter plan- og bygningslova.

1) Parkeringsareal / planert område langs fylkesveg 401, ved driftssenter.
2) Anlagt avkøyrsle i samband med planert areal, ved driftssenter (Denne er no omsøkt stengt i eigen sak).
3) Grindhus plassert innanfor byggjegrense langs veg.
4) Planert areal langs fylkesveg 401 og tilkomstveg, avkøyrsle lengre nord.




*Parkeringsplass og avkøyrsle nær driftssenter (pkt 1 og 2). Grindhus i bakgrunn (pkt. 3)*


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



*Utviding av tilkomstveg og avkøyrslepunkt, fv. 401 hp 1 km 3430. Avkøyrsla vert svært utflytande.*

**Vidare saksgang**:
Statens vegvesen ber Lindås kommune som plan- og bygningsmyndigheit å følgje opp saka, evt. sørger for at tiltaka vert søkt om dersom dei ikkje allereie er godkjent. Dersom det vert søkt om legalisering av tiltak, skal vi ha høve til å uttale oss.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
OLE KRISTIAN KJENES, SEIMSSTRANDA 421, 5912 SEIM